



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Sivilombodsmannen

Dato: 25.03.2021

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **PARKERING PÅ STATLEG SIKRA FRILUFTSOMRÅDE PÅ FURSETFJELLET**

Vi viser til dykkar brev av 19.02.2021 (dykkar ref 2021/766) om den statlege eigde parkeringsplassen på Fursetfjellet.

I dykkar brev av 19.02.2021 er det opplyst om at når forvaltninga har kome til ei endeleg avgjerd om vårt krav om innsyn i rekneskapet for den statleg eigde parkeringsplassen på Fursetfjellet, er det mogleg å bringe saken vidare til Sivilombodsmannen. I brev av 24.03.2021 har Statsforvalteren i Møre og Romsdal vedteke at vi ikkje får medhald i vår klage. Statsforvalteren har i sitt brev også uttalt at deira vedtak ikkje kan påklagast. Vi meiner at då er saka behandla ferdig i forvaltninga og moden for å bringast inn for Sivilombodsmannen. På dette grunnlag sender vi no saka inn til Sivilombodsmannen. Vi vil i det følgande prøve å skissere utfordringa.

Nordmenn ferdast mykje ute i naturen og dette går mykje godt av seg sjølv med vår gode friluftsliv som gir oss moglegheit til gratis ferdsel i utmark. Men ein del stader er det behov for tiltak for å sikre ålmenta tilgong til viktige friluftsområder. Allereie i førre århundre så ein behovet for å sikre og tilrettelegge friluftsområde og etablerte difor ei tilskotsordning der staten går inn og kjøper/leiger grunn og tilrettelegger spesielt attraktive og mykje brukte område til friluftsliv.

I Norge er det sia 1958 sikra om lag 2500 område for friluftsliv, i vårt fylke om lag 130 (2018). Eit av våre mest attraktive og viktige friluftsområda i fylket er Fursetfjellet som ligg på kommunegrensa Molde/Gjemnes og er brukt av turfolket heilt ut til havet i Kristiansund. Her ved vegen over Fursetfjellet så ein etterkvart som privatbilismen auka behovet for å ordne parkeringsforholda etter at det vart uutholdeleg med parkering av bilar på kvitstripa i 80-sona. Det var dette som var grunnlaget for at staten ved Miljøverndept kjøpte inn areal for å etablere

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

ein ordna parkeringsplass på Fursetfjellet. Vidare finansierte Miljøverndept opparbeiding av ein stor parkeringsplassen på arealet. Det er også etablert eit toalett på staden finansiert mellom anna av spelemidlar (sjå <https://faktaark.naturbase.no/?id=FS00000289>).

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om ålmenta sine rettar i utmarka samt gratisprinsippet i vår friluftslivlov. Vi har difor retta fokus på blant anna parkeringsavgiftene der det er turparkering. Vi ha sett spesielt på dei stadene der Miljøverndept har brukt statens midlar for å sikre folket turparkering. Vi har retta ein førespurnad til dei berørte kommunar og bede dei gjere turparkering på statens grunn gratis. Dette har vore vellukka i den forstand at alle kommunar vi har retta førespurnaden til har gjort turparkeringa gratis. I klartekst betyr dette at **så langt vi veit er parkeringsavgifta på den statleg eigde turparkeringsplassen på Fursetfjellet den einaste vi har i fylket.**

På lik line som med dei andre statleg eigde turparkeringsplassar i fylket, retta vi eit brev til Gjemnes kommune 03.06.2019 og bad dei gjere parkeringa gratis som hensikta er med sikringa av friluftsområdet. I vårt brev meinte vi at det er prinsippielt feil å avgiftsbelegge eit statleg sikra friluftsområde som her på Fursetfjellet. Om ein eventuelt skal avgiftsbelegge turfolket må dette stå i forhold til utgiftene. Vi stilte også spørsmål om kor store faktiske brøyteutgifter det er det på staden i høve til pengane som tekne inn i parkeringsavgift. Og kva utgifter er det ved eit stengt toalett (som jo heller ikkje er i tråd med spelemiddeltildelinga). Vidare peika vi på at, jfr siste kommentarutgåva av friluftslivlova (Friluftslivloven med kommentarer av Marianne Reusch av 2016), står det om bortvisningsrett at § 14 i friluftslivlova neppe kan brukast til å bortvise ein som trossar pålegg om betaling.

Som grunnlag for gratisprinsippet for dei statleg sikra parkeringsplassane viste vi til skriv frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 01.12.2008; «*Det er i prinsippet ikkje lov å ta parkeringsavgift for desse p-plassane som er knytt til ålmenta sin tilgang til lovleg fri ferdsel. Om parkeringsavgift blir nytta må avgifta stå i høve til dei tiltak som er gjort på området til fordel for friluftsfolket. På sikra friluftsområde meiner ein her at det ikkje skal takast parkeringsavgift som i sum overstig årleg vedlikehaldsutgifter for parkeringsplassen. Det er ikkje mogleg å ta avgift for utgifter til vanleg tilrettelegging (toalett, renovasjon, fortøyningsplassar, bål-/grillplassar, løypepreparering og liknande) på sikra friluftsområde.*»

Gjemnes kommune svara på vårt brev den 17.06.2019 og viste til avtalen med idrettslaget som drivar av parkeringsplassen. Vidare meinte dei at ei parkeringsavgift på kr 50 var ein rimeleg kompensasjon for arbeidet idrettslaget gjorde.

Så sendte vi eit brev den 25.06.2019 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal der vi bad om ei vurdering av Fylkesmannen som grunneigar og friluftslivmyndigheit om parkeringsavgifta på Fursetfjellet.

Etter purringar 02.09.2019 og 22.10.2019 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal på manglande svar på vårt brev av 25.06.2019 bad vi Sivilombodsmannen om hjelp til å få svar. I brev av



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

20.12.2019 frå Sivilombodsmannen (dykkar sak 2019/4611) blei vi lova svar i løpet av ei til to veker.

Som eit svar på vårt brev av 25.06.2019 til Fylkesmannen fekk vi svar frå Møre og Romsdal fylkeskommune 02.01.2020. Vi tolkar svaret dit i same retning som signala i Fylkesmannen si tolking gitt i brevet av 01.12.2008 nemnd ovanfor.

Med dette som grunnlag bad vi 27.01.2020 Gjemnes kommune om innsyn i rekneskapet for drifta av det statleg eigde friluftsområdet med gnr 36 bnr 71.

I brev av 12.03.2020 gav Gjemnes avslag på vårt krav om innsyn i rekneskapet for parkeringsplassen på Fursetfjellet.

Då vi var usikre på korleis vi skulle få innsyn i rekneskapet for ein statleg eigd eigedom som parkeringsplassen på Fursetfjellet er, retta vi 27.04.2020 ein førespurnad til Riksrevisjonen. Vi viste til brev frå Gjemnes kommune av 12.03.2020 og bad Riksrevisjonen gi oss eit råd om korleis vi får innsyn i dette rekneskapet og kva myndigheit om det ikkje er riksrevisjonen, som kan gi oss råd i denne saka.

Etter diverse purringar til Riksrevisjonen og brev til Sivilombodsmannen til slutt fekk vi 06.11.2020 råd frå Sivilombodsmannen (dykkar ref 2020/4392) om å klage først på manglande innsyn i rekneskap og så eventuelt ta saka til Sivilombodsmannen.

Neste trekk var då den 23.11.2020 at vi klaga til Gjemnes kommune på deira avslag av 12.03.2020 på vårt krav om innsyn i rekneskapet for dei siste 5 åra for parkeringsplassen på Fursetfjellet.

Etter purring til Gjemnes kommune 21.01.2021 på manglande svar bad vi 16.02.2021 Sivilombodsmannen om hjelp til å få svar på vårt brev av 23.11.2020.

I brev av 19.02.2021 frå Sivilombodsmannen (dykkar ref 2021/766) blei det opplyst at Gjemnes kommune tenkte å svare oss innan ei veke.

I brev av 22.02.2021 avslo Gjemnes kommune vår klage på avslag om manglande innsyn i rekneskapet for dei siste 5 åra for parkeringsplassen på Fursetfjellet.

I brev av 24.03.2021 stadfestar Statsforvaltaren kommunen sitt vedtak om å ikkje ta vår klage til følge.

## **Konklusjon**

Vi les Statsforvaltaren sin grunngjeving for sitt avslag på vår klage slik at vi kan ikkje kan kreve innsyn i eit dokument/rekneskap som ikkje fins. Det er mogleg det er juridisk rett dette i høve til offentlegheitslova, men å ikkje føre rekneskap for verksemda si er vel noko som har vore ugrent sia Magnus Lagabøters landslov (og før det).



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

FNF Møre og Romsdal arbeider for at folk skal kome seg ut i norsk natur og vi held på gratisprinsippet i frilufsloven til beste for også dei som synes ei parkeringsavgift kan vere for dyr. Om ein skulle krevje avgift på ein statleg eigd parkeringsplass forventar vi at avgifta står i forhold til utgiftene og at dette blir gjort greie for slik at rekneskapet blir gjennomiktig for alle. Vi ber Siviombodsmannen sjå på denne saka til beste for friluftslivet i Norge.

Åsmund Steen  
Styreleiar

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator

Kopi:  
Gjemnes kommune  
Statsforvalteren i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Vedlegg:  
Dokument nemnd ovanfor